



SKULEKONKURRANSE

Sidan Molden med sine 1116 moh ligg sentralt plassert i den vidstrakte kommunen vår og er ein av dei mest tilgjengelege fjelltoppane for folk flest, nyttar vi høvet til å utfordre alle skulane til å delta i "Molden Opp skulekonkurranse" den 18.06.16.

Molden er eit av dei mest populære turmåla i kommunen vår, og alle elevane i lustraskulane bør oppleve det utsynet, vidsynet og klarsynet som eit besøk på toppen vil gje!

SPREKASTE SKULE

Skulane er delt inn i tre ulike grupper etter elevtal:

Gruppe 1: Luster ungdomsskule, Hafslo barne- og ungdomsskule og Gaupne skule

Gruppe 2: Luster oppvekstsenter, Indre Hafslo oppvekstsenter og Skjolden oppvekstsenter

Gruppe 3: Jostedal oppvekstsenter, Solvorn oppvekstsenter og Veitastrand skule

Det vert premie til den skulen i kvar gruppe som har høgst prosentvis deltaking. I tillegg til heider og ære, vert premien 500 kroner som skal disponerast av elevrådet ved dei aktuelle skulane. Alle deltararane vil også få ein flott deltakarmedalje.

SPREKASTE KLASSE

Skulane i gruppe 1 har klassar med mange elevar. Desse vil difor få ei ekstra utfordring: Kven klarer å bli den klassen som står med flest elevar i høve til klassestørleiken? Premien her har tidlegare vore Molden Opp t-skjorte til alle elevane som deltek i vinnarklassen, men erfaringar syner at dei fleste elevane allereie har kjøpt t-skjorte på førehand. Premien vert difor 500,- til klassekassa.

KORLEIS MELDE DYKK PÅ?

- Avklar med foreldra dine at du er heime og kan delta på Molden Opp 18.06.16
- Gå inn på www.moldenopp.no

- *På menyinja til øvst på sida, må du velje "påmelding" og gå inn på påmeldingsskjemaet*
- *Fyll ut alle naudsynte opplysningar. Der det blir spurt etter lag, skriv du opp det idrettslaget du er medlem av. I tillegg er det er ei eiga kolonne for dei som deltek i skulekonkurransen. Der skriv du inn både skule og klasse. Døme: Luster ungdomsskule, 10B*
- *Påmeldinga vert registrert når du har betalt inn startkontingen ten til kto 3785.11.38138*
- *Det er ulik startkontingent i konkurranseklassen og i mosjonsklassen. Dersom du er 15 år eller eldre, kan du delta i konkurranseklassen. Startkontingen ten er 100,- i mosjon og 250,- i konkurrans e for dei som er med på skulekonkurransen. Dersom det er fleire i familien som skal delta i mosjonsklassen, skal de ikke betale meir enn 400,- til saman.*
- *Dersom du er under 12 år må du gå i følgje med foreldra dine eller ein annan voksen*

**LUKKE TIL MED TRENINGA!
HÅPÅR ME TREFFEST PÅ MOLDEN 18. JUNI ☺**

*Helsing
Arrangementskomiteen for Molden Opp*